



NOTAT

TIL : SKYSS
FRÅ : KOMMUNEDIREKTØREN
EMNE : INTENSJONSAVTALE
DATO : 040120
KOPI : ORDFØRAR, FORM SOM RS

Innspel knytt til intensjonsavtalen.

Vi skriv under intensjonsavtalen. I det vidare løpet ønskjer vi likevel å drøfte nokre tilhøve. Dei vert kort omtala i det følgjande.

De skriv:

"Vi legg også til grunn vidareføring av den nyoppretta pendlaravgangen, men med justert tidspunkt som drøfta i same møte. Finansiering av denne avgangen blir vidareført som eit spleiselag mellom kommunen og fylkeskommunen."

Vi meiner:

Finansieringa av denne må også inkludere Bremanger og Stad, som også vert tent av Kystvegekspressen.

De skriv:

"Når det gjeld prising av kommunane sitt kjøp, er det lagt opp til at forholdstalet mellom fylkeskommunal og kommunal kostnad vidareførast der kommunalt kjøp vidareførast."

Vi meiner:

Rutene er ei fylkeskommunal oppgave ift til det behovet samfunnet har til fylkesveien. Investeringer i materiell er i så måte fylkeskommunen sitt ansvar. Kommunen dekker tilleggskostnader knytt til den kommunale tilleggsproduksjonen; dvs timar på mannskap, drivstoff og vedlikeholdsutgifter. Dersom Fylkeskommunen meiner at det er andre kostnader knytt til den kommunale tilleggsproduksjonen, ber vi om at det vert dokumentert.

De skriv:

"Tabell 3: Rutetabell for rute 14-661 Kystvegekspressen Måløy-Florø. *Pendleravgangen som kom i 2019 (finansiert i ny kontrakt som spleiselag mellom Kinn kommune og fylkeskommunen). **Avgangstider vert påverka av forlenging til Selje."

Vi meiner:

Dette var et spleiselag mellom Kinn, Bremanger og Fylkeskommunen.
Det føreset ei vidareføring av avtalen med Bremanger, og skal kystvegekspressen lengast til Selje, må også Stad vere med å finansiere pendlaravgangen.

Generelt når det gjeld finansiering tek vi atterhald om mogelege endringar i RTP som kan få følgjer for den kostnadsdelinga intensjonsavtalen legg opp til.

Vi takkar for godt samarbeid så langt.

Kommunedirektøren